



Jobbstøtte - Vellukka samarbeid mellom NAV og Helse Førde HF

NAV og Helse Førde HF samarbeider om å hjelpe personar med alvorleg psykiske lidingar eller rusproblem til å få, og behalde ordinært lønna arbeid.

Det har tradisjonelt vore vanskelig for helsevesenet og NAV å gi tilstrekkelig hjelp til menneske med alvorleg psykisk sjukdom og rusproblem som ønsker å bidra i samfunnet med å vere i arbeid. Det er difor sett i gang eit tett samarbeid etter metoden [Individual placement and support \(IPS\)](#). Metoden har i internasjonale studiar vist gode resultat mellom anna i høve til sysselsetting. I 2016 blei det utført ei effektevaluering av seks IPS prosjekt i Norge. Evalueringa viste at IPS bidrar til vesentleg betre oppleving av livskvalitet og sjølvopplevd helse, lågare symptomnivå i høve depresjon, og auka funksjon.

Jobbstøtte Nordfjord

Samhandlingsnytt omtalte Jobbstøtte i Nordfjord i mars 2016. Det var då akkurat tilsett to Jobbspesialistar, ein i NAV og ein ved Nordfjord psykiatrisenter (NPS). Begge har arbeidsstad NPS, er del av behandlingsteama og gir jobbstøtte til polikliniske og innliggande pasientar. Jobbspesialistane bidreg i behandlingsteama med god og relevant kunnskap om arbeidsmarknaden i regionen, og med sine erfaringar i høve kva støtte arbeidsgjevarar ofte treng. Resultatet av samarbeidet mellom jobbspesialistane, NAV – Rettleiar og behandlarar har til no ført til at halvparten av deltakarane no er i ordinært arbeid.



Jobbstøtte Sogn

Målet om gode tenester for innbyggjarane og dei gode resultatane i Nordfjord har ført til at tilbodet vert utvida til Sogn. Det er lyst ut to stillingar som jobbspesialistar, ein i NAV og ein i Helse Førde HF. Begge skal ha base ved Indre Sogn psykiatrisenter, og jobbe i heile Indre Sogn etter same modell som i Nordfjord. Tett samhandling mellom spesialisthelsetenesta, kommunehelsetenesta og NAV er viktig for å lukkast i dette nybrottsarbeidet. Partane er difor representerte i både styrings- og arbeidsgruppa. Det vil i tida framover bli tilbod om meir utfyllande informasjon om «IPS – Metoden» i kommunane i Sogn.

Vegen vidare




Jobbstøtte Nordfjord er i ferd med å gå frå prosjekt til varig drift. Jobbstøtte Sogn tek sikte på å starte opp før utgangen av første tertial neste år. For NAV Sogn og Fjordane er det eit mål å tilby jobbstøtte for menneske med alvorleg psykisk sjukdom og rusproblem etter IPS metoden i heile fylket.

Sjå gjerne nettsidene til [Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid \(NAPHA\)](#) for meir informasjon om [IPS](#).

Interesserte er velkomne til å ta kontakt med [Karen Skretting Hovlid](#) i NAV ved spørsmål om ordninga.

Kommunane skal veilede spesialisthelsetenesta



Kommunal breiddekompetanse blir stadig viktigare i møte med eit aukande tal brukarar med store og sammensette behov. [Helse- og omsorgsdepartementet](#) peikar på at kommunalt helse- og omsorgspersonell ofte vil ha kunnskap om den einskilde pasient som kan vere avgjerande for å kunne yte gode, individuelt tilrettelagte og helskaplege tenester også i spesialisthelsetjenesta. Med bakgrunn i dette, får kommunane sine helse- og omsorgstenester frå nyttår veiledningsplikt overfor spesialisthelsetjenesta (slik spesialisthelsetjenesta har hatt i høve kommunane lenge). Plikta er formulert som ei ny bestemmelse [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#) (§ 5-11).

Veiledningsplikta er einstemmig vedtatt i Stortinget. I førearbeida kan ein mellom anna lese følgande: «Personell i den kommunale helse- og omsorgstjenesten veileder allerede i dag spesialisthelsetjenesten i et visst omfang. Lovfesting av en slik veiledningsplikt for den kommunale helse- og omsorgstjenesten vil bidra til at veiledningen blir satt i system og dermed gjøre det enklere for spesialisthelsetjenesten å løse sine lovpålagte oppgaver.»

Veiledningsplikta gjeld fortrinnsvis einskildpasientar spesialisthelsetenesta har, eller overtar ansvar for. Opplysningar om sosiale forhold som kan vere relevante for å sikre forsvarleg oppfølging ved inn- og utskrivning i spesialisthelsetenesta er også omfatta av bestemmelsen.

Departementet presiserer og at plikta etter ei konkret vurdering og vil kunne omfatte veiledning for pasient- eller brukargrupper, dersom det blir vurdert som påkrevd for at spesialisthelsetenesta skal kunne løyse sine lovpålagte oppgåver.

Veileder - Oppfølging av personar med store og sammensette behov

Helsedirektoratet har utvikla ein eigen [veileder for oppfølging av menneske med store og sammensette behov for helse- og omsorgstenester](#). Eit grunnleggande element i veilederen er at dei som yt tenester må ta utgangspunkt i kva den det gjeld opplever som viktig i sitt liv, og leggje vekt på funksjon framfor diagnose. Den det gjeld, skal alltid involverast i utforminga av tilboda. Leiing, kompetanse, tverrfagleg arbeid i team og koördinering av tenestene er sentrale tema i veilederen.



Stadig fleire har fleire sjukdommar samstundes, nedsatt funksjon knytt til fleire livs- og funksjonsområde, og eit omfattande behov for bistand. Veilederen skal bidra til at ein får strukturert og tverrprofesjonell oppfølging som ivaretar det heilskaplege behovet uavhengig av diagnose og funksjonsnivå. Vi anbefalar at du spanderer tid på å sjå den to minuttar lange [informasjonsfilmen](#) som er utarbeidd i samband med den nye veilederen.

Med årets siste Samhandlingsnytt, vil vi gjerne få ønske alle våre samarbeidspartnarar ei fredeleg jul, og eit riktig godt nytt år !

